

# KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2/2000

## Les i kyrkjebladet

"Dei svarte kappane fell i Hollywood" er tittelen på ein påskeandakt av lærar Helga Maria de Presno.

Side 3.

2. april vert det felles felles gudsteneste for Dale, Vaksdal, Stamnes og Bergsdalen der konfirmantane står for mykje av opplegget.

Side 4.

Laurdag 26. februar vart det laga ei markering på Dale bedehus i høve at Ingeborg Nesheim hadde vore 50 år i søndagsskulen.

Side 4.

Årsmeldingane frå sokneråda og frå Vaksdal kyrkjelege fellesråd ligg føre. Glimt frå dei finn de i bladet.

Side 6, 7 og 8.

Å laga påsekort og påskekyllingboller kan vera ein fin førpåskeaktivitet.

Side 9.

Langfredag kl. 16.30 vert det orgelresitasjon ved kantor Arne Olav Steinkopf i Vaksdal kyrkje.

Side 10.

## "Han er oppstanden halleluja"

Overskrifta er henta frå ein av påskesalmane som er med og understrekar det store i påska sitt evangelium, Jesu siger over døden. Ein siger for livet. Jesus gjekk "Via Dolorosa" lidingsvegen, den vegen me skulle gått. Han gjekk løpet heilt ut og opna døra til det evige livet for oss.

Første påskedag kan me få vera med og feira denne sigeren ved høgtidsgudstenestene i Vaksdal kyrkje kl. 11, i Nesheim kyrkje kl. 11 og i Bergsdalen kyrkje kl. 20.

Finn din plass i kyrkja denne dagen eller ved dei andre gudstenestene i påskehelga, der me ved Guds ord, bøn og song kan vera med og prisa vår frelsar Jesus Kristus.



**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 26. april 2000.

Bladet kjem ut i veke 21 som byrjar med 22. mai.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

**Bladstyrar:**

Ragnvald Kringlebotten,

5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

E-post: ragnvald\_02@yahoo.no

**Kasserar:**

Elisabeth Dyrhol,

Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.

Tlf. 56 59 70 88

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Påskemorgen  
slukker sorgen**

Påskemorgen  
slukker sorgen,  
Slukker sorgen til evig tid;  
Den har oss givet,  
Lyset og livet,  
Lyset og livet, i dagning blid.  
Påskemorgen  
slukker sorgen,  
Slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen  
er oppstanden,  
Er oppstanden i morgengry!  
Helvede greder,  
Himlen seg gleder,  
Himlen seg gleder med lovsang ny.  
Redningsmannen  
er oppstanden,  
Er oppstanden i morgengry!

Sangen toner,  
Vår forsoner,  
Vår forsoner til evig pris;  
Han ville bløde,  
For oss å møte,  
For oss å møte i paradiset.  
Sangen toner,  
Vår forsoner,  
Vår forsoner til evig pris.

Bøtt er brøden,  
Død er døden,  
Død er døden som syndens sold!  
Nå ligger graven  
Midt i gudshaven  
Midt i gudshaven i Jesu vold.  
Bøtt er brøden,  
Død er døden,  
Død er døden som syndens sold.

Se, i skarer  
Opp vi farer,  
Opp vi farer fra grav i sky.  
Tungene gløder,  
Herren vi møter,  
Herren vi møter med lovsang ny.  
Se, i skarer  
Opp vi farer,  
Opp vi farer  
Fra grav i sky.

(N.F.S. Grundtvig)

**KYRKJESTADEN**

**DALE 100 ÅR**

**Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 100,-**

**hjá Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5721 Dalekvam .**

**Tlf. 56 59 61 20**

**Godkjende leverandørar  
av gravminner**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane stein AS

Sæthre steinindustri AS

Kjøll Stenindustri

Øien steinhuggeri

Brødrene Strand Stenhuggeri AS

Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

**Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.**

**Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.**

# Dei svarte kappane fell i Hollywood

Av lærar Helga Marie de Presno

**Matteus 28, 1-8:** *Då sabbaten var til ende, og det tok til å ljøsna fyrste dagen i veka, kom Maria Magdalene og den andre Maria og ville sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv; for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava og velte steinen ifrå og sette seg på han. Han var som lynet å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle då dei såg han, og dei vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: "Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus han som vart krossfest. Han er ikkje her; han er oppstaden, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: Han er oppstaden frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han. No har eg sagt dykk det."*

Mange set Hollywood i samband med film og skodespelarar. Men midt i denne filmbyen ligg det ein stor arena som vert brukt til ulike større arrangement. Natt til første påskedag samlast det kor frå mange stader i California. Kora har til oppgåve å vera med på å markera overgangen mellom langfredagsmørket og lyset frå påskemorgon. Alle kordeltakarane er ved starten av natta kledde i svarte kappar. I den augneblinken sola står opp, fell dei svarte kappane, og ein blir vitne til eit kjempekor i kvite kappar som syng om Jesus Kristus som har stått opp frå grava. Dei syng om han som har overvunne døden, og dei syng om han som kan gi frelse, forsoning og fred til menneske til alle tider.

## Sterk oppleving

Det er ei sterk oppleving å sjå dei svarte kappane falla. Men denne opplevinga er for inkje å rekna når ein tenkjer på korleis dei to kvinnene, Maria Magdalena og Maria, måtte oppleve det då dei gjekk til Jesu grav den alle første påskemorgon etter Jesu død. Kva opplevde dei? Dei opplevde eit kraftig jordskjelv. Dei fekk sjå ein Herrens engel. Dei fekk sjå at steinen var rulla til sides. Dei fekk jamvel høyra at engelen tala eit språk dei skjønna: Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, han som vart krossfest. Han er ikkje her, han er oppstaden som han sa. Kom og sjå... (Matt. 28). Ei mektig oppleving, ei avgjerande oppleving for desse to kvinnene, og ei avgjerande oppleving for heile menneske slekta.

Mykje er og har vore ulikt i ulike kristne kyrkjesamfunn. Men det som skjedde første påskedag, er det berre ei meining om: "Han er oppstaden, ja, sanneleg, Han er oppstaden!"

For ei tid sidan, snakka eg med ein klasse om tvil og tru ut frå teksten i Bibelen om tviaren Tomas som ikkje ville tru at Jesus hadde stått opp frå dei døde, før han hadde sett merka i hendene og såret i sida. Ein av elevane svara då det vart spørsmål om kvifor somme trur: "Eg trur fordi det er så mange prov på at Jesus verkeleg har levd, og at han har stått opp igjen. "Steinen er borte. Engelen sa: "Han er ikkje her; han er oppstaden." Grava er tom!"



Kvar påske er det nødvendig å proklamera kva engelen sa første påskedagen. For ikkje berre læresveinane, men mykje av tenkinga i tida, har søkt Jesus i grava.

## Jubel verda over

Jubelen over at Jesus verkeleg har stått opp, kan høyrast frå ei verdsomfemnande kyrkje også i påska 2000. Frå kyrkjelydar i Kina, der det for tida blir bygd ei kyrkje nesten kvar dag, vil lovsongen lyda. Frå Tanzania som er råka av svolt, vil det frå den store kyrkja i Haydom lyda "Han er oppstaden". Og frå det gudshuset som ligg lengst mot nord i vårt eige land, vil lovsongen stiga. I Hollywood Bowl vil truleg også i år dei svarte kappane falla. Også i påska 2000 møter Jesus oss som ein levande Frelsar som ropar ut til alt folket: "Kom til meg, eg vil gje dykk kvile!"

Skal dette bli ei annleis påske for deg?

## Velkomen til ei unik gudsteneste 2. april!

Konfirmantane frå Dale, Vaksdal, Stamnes og Bergsdalen sokn er i aksjon i gudstenesta i Dale kyrkje fyrste sundagen i april.

Tidlegare var konfirmantane med på det ein kalla konfirmant-overhøyring, seinare vart det kalla samtalegudsteneste. Konfirmantane fekk då spørsmål som dei var meir eller mindre budde på, og dette skjedde i konfirmasjonsgudstenesta eller i ei eiga gudsteneste. Då fekk konfirmantane vise noko av det dei hadde hatt undervisning i, og dei skulle svare "etter boka". No er målet at konfirmantane skal få nytte meir enn berre ord for å formidle noko av dette. Dei får heller ikkje ferdige svar som dei skal bringe vidare, men dei får høve til å vere kreative og sjølvne forme det dei skal formidle.

Konfirmantane er delt inn i ulike grupper, med ulike oppgåver. Dansegruppa har øvd inn dans til ulike deler av gudstenesta, dramagruppa skal dramatisere historia frå Bibelen som er preiketekst denne sundagen. Songgruppa skal mellom anna fungere som forsongarar i gudstenesta. Ei eiga gruppe skal ta seg av praktiske høve rundt gudstenesta. Mellom anna skal gudstenesta filmast, og målet er at dei av konfirmantane som ynskjer det skal få seg eit redigert videominne frå denne sundagen.

Somme vil kan hende sakne å ha ei slik gudsteneste i "si" kyrkje, og føle at konfirmantane ikkje vert så synlege i heimekyrkja som ein kunne ynskje. Men det ville vore for ressurskrevande å få til slike gudstenester i dei

einskilde kyrkjene, og i nokre av dei ville konfirmantflokkene vore for liten til at ei slik gudsteneste var mogleg. Så sjølv om ein kan hende må reise forbi si eiga kyrkje på veg til Dale denne sundagskvelden, vil gudstenesta ganske sikkert vere verd turen. Og til dei som måtte vere urolege for det: Det er ikkje slutt med utaboks-læring for konfirmantane! Dei må mellom anna lære boda, truedkjenninga, dåpsbefalinga og Fader Vår utaboks i løpet av konfirmasjonstida.

På biletet under ser me nokre av dei som skal vera med 2. april.

Arkivfoto: Frode Kvamsøe



# Farne Tider

## 50 år i søndagsskulen

Laurdag 26. februar vart det skipa til ein samankomst på Dale bedehus i høve at Ingeborg Nesheim hadde vore 50 år i Dale søndagsskule.

Det starta i Forsamlingshuset i 1950 og held fram i bedehuset så snart det vart teke i bruk. Dei første åra var det store barneflokkar på søndagsskulen på Dale, og dei måtte ha fleire klassar. I dei seinare år har frammøte av borna vore heller lite, men Ingeborg Nesheim og Liv Stokke Sellevold held trufast ut. Dei ser begge fram til at det kan koma yngre krefter å ta seg av søndagsskulearbeidet på Dale.

På biletet til høgre ser me Ingeborg Nesheim til høgre ved enden av bordet.

Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten



## Farne Tider

Denne gongen tek me med litt frå påskenummeret i 1981.

## Bispevisitas

Våren 1981 var det bispevisitas i Vaksdal prestegjeld. Det var biskop Thor With som var på vitjing. I tillegg var det vitjing av prost Augun Østtveit. Visitasen starta i Bergsdalen og den varde i fire dagar. Den vart avslutta med gudsteneste i Dale kyrkje.



På biletet ser me skuleborn i Bergsdalen saman med prost Østtveit, biskop With og sokneprest Steinnes.

# Glimt frå årsmeldingar frå sokneråda

## DALE

Dale sokn fekk ei ekstra utfordring hausten 1999 då kyrkja, biletet til høgre, måtte stengjast grunna omfattande vass-skade. Dette førde mellom anna til at ein måtte skifta ut golvbelegget. Dale bedehus vart nytta til gudstenester i den perioden kyrkja var stengd. Soknerådet rettar stor takk til Dale Indremisjon, kyrkje-verja og kommunal etat for stor innsats.

Gravferdene gjekk frå nabo-kyrkjer i denne perioden.

Dale sokneråd skipa våren 1999 til Alpha-kurs saman med Stanghelle og Dale Indremisjon og Vaksdal sokneråd. Hausten 1999 vart det ikkje kurs grunna for liten påmelding.

Altarduken er vaska og strekt og det er komen pleksiglas på altaret, og rullegardin i vinduet ved altaret skal verna altarduk og inventar mot sollys. Lysglobe er også på plass i kyrkja. Rullegardina og lysgloben er ei gåve frå Kyrkjeforeininga.

Konfirmantforeldra er trekte inn i arbeidet med å skipa til kyrkjekaffiar i tillegg til soknerådsmedlemane.

På Stanghelle var det felles julefest for Indremisjonen og Velaget i Stanghelle samfunnshus på Heilage tre kongars dag, 6. januar 2000.

## VAKSDAL

I dei to siste åra har det vore ei prøveordning med felles høgtidsgudstenester for Vaksdal og Dale.



Dette vil nå verta evaluert. Vaksdal sokneråd tok initiativ til å starta oppatt Barnelaget og det tok til like over nyttår 2000.

I tillegg til enkle kyrkjekaffiar etter gudstenestene vart det i fjor haust invitert til middag og samtale etter ei gudsteneste. Dette var vellukka og ein vil prøva å gjera dette fleire gonger.

Vaksdal sokneråd var som nemnd under Dale med og skipa til Alpha-kurs.

Det har dei siste åra vore praktisert ei prøveordning med å ha prosesjon inn kyrkja og dåp før sjølve gudstenesta. Dette har fungert bra og det vil verta søkt til biskopen om å få dette som ei fast ordning.

Det vart vedteke å kjøpa inn lysglobe med finansiering utan-

om det ordinære budsjettet. Det er kome inn om lag kr. 5000,- til dette, av dette er 2000,- frå det lokale næringslivet. Det manglar om lag kr. 4000,-. Gåvene i kyrkjevøssa vil inntil vidare gå til dette føremålet.

1. januar var det felles økumenisk gudsteneste saman med pinsekyrkjelyden. Gudstenesta var i Tabernaklet.

6. januar var soknerådet var med på felles julefest på Vaksdal.

## STAMNES

I tillegg til kyrkjekaffi ville soknerådet prøva å finna på noko anna etter gudstenestene. I midten av juni i fjor vart det skipa til grillfest i samarbeid med Grenndalaget og speidarane.

Soknerådet var med på felles julefest med gudsteneste og fakkeltog til grendahuset Frilund.

Stamnes skule hadde ei sentral rolle i programmet.

Det er kjøpt inn puter til kyrkjebenkane i Stamnes kyrkje.

Stamnes sokneråd deltok i innsamlingsaksjonen til Amnesty International på Eidsland og Stamnes.

Det er sett ned ei jubileumsnemnd som skal arbeida med ei markering av at Eidsland kapell er 75 år i år 2000.

Det kristeleg arbeidet i soknet går tyngre enn før. Natkafe og Ving ligg nede og det er for tida berre søndagsskule på Straume. Speidararbeidet er framleis i bra aktivitet.

## BERGSDALEN

Soknerådet etterlyste i februar 1999 ynskje frå kyrkjelyden kva ein skulle nytta ei større pengegåve til, som kyrkja fekk. Gjevaren føreslo å nytta gåva til nye benkar i kyrkja om ynskjeleg, men soknerådet stod fritt til å avgjerda dette. Det har vore kontakt med kyrkjekonsulent Arne Sæther i Asker for gode råd. Ein har også snakka med Hægland Interiørfabrikk i Samnanger. I tillegg har ein vore i Norheimsund og sett utforming av benkar mm., men førebels står pengane i bank til best mogeleg rente.

Bergsdalsstemnet har vore skipa til andre helga i august. I fjor var datoen 8. august. Soknerådet vurderer å flytta tidspunktet for stemnet då det har vist seg vanskelegare for kvart år å få tak i tilreisande talarar og

songkrefter. Mange av desse har ferie i august.

Kyrkjeskysse Rødland-Lid vart etter kvart lite nytta. Ein har nå inngått avtale med Lars Inge Brekke om skyss. Dei som vil ha skyss må ta kontakt med han dagen før gudstenesta innan kl. 17.00.

5.-7. november vart det skipa til møtehelg der det laurdagen vart sett fokus på misjonen. Knut Kvamme vist bilete og fortalde frå ein tur til Etiopia, og det vart servert afrikansk kjøttrett "vått" med ris til. "Våtten" vart tilsett krydder frå Etiopia for å få den rette smaken.

## EKSINGEDALEN

Konfirmantopplegget er endra for elevar frå Eksingedalen. Den går nå over to år. Dei startar når dei byrjar i 8. klasse og vert konfirmerte når dei går i 9. klasse. 28. oktober vart begge sokneråda i dalen og foreldra til konfirmantane innkalla til orienteringsmøte.

Dalestemnet i fjor vart avlyst grunna dårleg ver. I staden vart det gudsteneste i Eksingedalen kyrkje.

Det gamle orgelet i Eksingedalen kyrkje er for ein periode på tre år utlånt til Eidsland kapell.

Kyrkja har fått lydanlegg med teleslynge og nytemperaturregulering av omnane. Bygging av reiskapshus satsar ein på å få starta opp våren 2000.

## NESHEIM

Som nemnd under referat frå Eksingedalen er også Nesheim

sokn med i det som har med endra konfirmantopplegg for Eksingedalen å gjera.

I fjor sommar var om lag 70 personar frå Vossestrand med John Ove Thaule i spissen på vitjing. Det var gudsteneste med kyrkjekaffi og noko attåt på kyrkjebakken etterpå.

I tillegg til dei vanlege gudstenestene og familiegudstener vart det skipa til ei lekmannsgudstgeneste, den stod St. Markus menighet frå Bergen for.

Søndagsskulen var første halvår 1999 i Nesheim kyrkje. Frå av har det vore søndagsskule på Flatekval. Det har vore bra oppslutnad.

10. juni 1999 vart det saman med Eksingedalen sokneråd skipa til fest med konfirmantar og foreldre, der ein grilla og koste seg ute.

I 1999 vart det også kjøpt inn ein del nytt inventar til kyrkja. Det var piano, ein ny sofa, eit lite bord og kjøkkenutstyr. Til møblane fekk ein ei støtte frå Øvre Eksingedalen Grunneigarlag på kr. 6500,-.

I tillegg til det som har vore nemnd har det vore ymse konsertar, møte med meir. Og som skrive i tidlegare kyrkjeblad fekk alle born i Vaksdal prestegjeld som var mellom 4 og 10 år boka "Framtidslandet" i høvet 2000 år feiringa. Det kan også nemnast at det er kjøpt inn "Betlehemslis" til kyrkjene som skal tennast ved gudstener fram til og med advent 2000.

## Utdrag frå årsmeldinga til Vaksdal kyrkjelege fellesråd

### I innleiinga til årsmeldinga heiter det:

Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av vedtekne målsetjingar, planar og budsjett.

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Det har vore fokusert på tre hovudområde i 1999; ENØK tiltak i kyrkjene, planlegging av ymse tiltak ved kyrkjegardane, og reparasjon av Dale kyrkje etter vasslekkasje.

Arbeidet med ENØK tiltak har vore omfattande og ressurskrevjande, og det er gledeleg å sjå at satsinga har gjeve resultat.

Økonomiplanen for perioden 2000 – 2003 vart i 1999 utarbeidd og oversendt Vaksdal kommune. Planen er vår viktigaste reiskap når det gjeld å setje fokus på trongen for løyvingar til våre prioriterte tiltak framover.

Fellesrådet overtok sjølv rekneskapsføringa for verksemda frå og med 2. Halvår. Dette førte til auka arbeidsmengd for administrasjonen, og stillinga til sekretæren vart gjennomgått med tanke på endring av arbeidsområde/ auke i stillingsstorleik.

Året slutta med starten på feiringa av 2000-års jubileet, der det vart ytt ekstra innsats for å halde gudstenester i alle kyrkjene den siste dagen i 1999.

### Tilhøvet til kommunen

Avtalen mellom Vaksdal kyrkjelege fellesråd og Vaksdal kommune held fram, og kommunen yter tenester på desse områda:

- Graving av graver,
- Vedlikehald gravplassar,
- Lønskjøring og konsulenttenester vedrørende løner
- Vaktmeistertenester ved kyrkjene
- Ymse konsulenttenester vedrørende økonomi og rekneskap
- Tilgjenge til frankering, kopiering, og bruk av kommunen sine leverandøravtalar
- Leige av kontor i "Messo" og i Heradshuset

### Frå avsnittet om investeringar tek me med:

- Lydanlegg i Eidsland Kyrkje
- Lydanlegg i Eksingedalen kyrkje
- ENØK tiltak og brannførebygging:

**Bergsdalen kyrkje:** Nytt sikringsskap, utstyr for temperaturstyring, og nye panelomnar i kyrkjelydssalen.

**Stamnes kyrkje:** Nytt sikringsskap, utstyr for temperaturstyring.

**Eksingedalen kyrkje:** Utstyr for temperaturstyring, og nye varmeomnar i koret.

**Vaksdal kyrkje:** Utstyr for temperaturstyring (ikkje ferdig)

### Andre tiltak

- Oppstart rekneskapsføring for fellesrådet med eige rekneskapsprogram frå UNI
- Vaksdal kyrkjegard, arbeidet med sletting av graver i felt A er starta
- Prosjektering av Stanghelle kyrkjegard ferdig til offentleg godkjenning
- Teikningar for bygging av reiskapshus Eksingedalen kyrkjegard godkjente i bispedømmerådet
- ISDN telefonsentral på kyrkje-kontoret


Fellesrådet administrerer 30 stillingar som utgjer om lag 5 årsverk. Desse stillingane er kantarar, organist, klokkarar, kyrkjetenarar, reinhaldarar, kyrkjegardsarbeidarar, sekretær og kyrkjeverje. I tillegg kjem redaktørstillinga for Kyrkjeblad for Vaksdal der fellesrådet betalar for tenesta.

Driftspersonalet ved Vaksdal kommune, LMT-etaten, tek seg av vedlikehaldsoppgåvene på 3 av kyrkjegardane, samt graving av graver i heile kommunen. Dei vert leia av arbeidsformannen på teknisk stasjon og er tilsette i Vaksdal kommune. Til saman utgjer dette arbeidet om lag 1,4 årsverk

## Lag egne påsekort

Det er alltid koseleg å få nokre ord i posten. Sjølv laga kort er mykje meir morosame enn dei som du får kjøpt. Du kan bruke fantasien, men for å setje deg litt på sporet gjev vi deg nokre døme:





Ta eit stykkje tynn kartong og brett den dobbel. Teikn ein stor rund stein midt på kortet. Kring den kan du teikne hagen der Jesu grav låg, slik du tenkjer deg at den såg ut. Så skjer du forsiktig rundt steinen (la det vere igjen litt i venstre side, slik at steinen ikkje fell ut). Inne i den tomme grava kan du til dømes skrive: Jesus lever! Til slutt skriv du ei eiga påskehelsing på kortet.



## Påsekylling-bollar

Du treng:

- 50 g fersk gjær
- 200 g margarin
- 3 dl kaffefløyte
- 3 ss sukker
- ½ ts salt
- 2 egg
- ca 600 g (= ca 1 l) kveitemjøl
- 1 ts gurkemeie (kan sløyfast)
- litt rosiner eller korinter
- røde coctailbær (til pynt)



Smuldre gjæren i ein bolle. Smelt margarinen og hell i fløyten (deigvæska er då passe varm). Hell væska over gjæren. Rør godt. Gurkemeien blandast i væska. Tilsett sukker, salt, egg og mesteparten av kveitemjølet. Arbeid med så lite som mulig. Dekk over med eit handkle og la deiga heve i 60 minutt.

Arbeid så deiga lett, og del den opp i passe store emne som du , ut til ei ca 10 cm lang pølse. Knytt kvar pølse som vist på teikninga. Stikk to rosiner (el. korinter) inn til auge, og små bitar av raude coctailbær til nebb. Etterhev i ca 30 minutt. Pensle med litt samanpiska egg før steiking. Steikast ved 250 grader i 8-10 minutt.

## SONGARAR

1. Påskedag er det duka for ei fin gudstenesteoppleving med mykje song og musikk. Denne fellesgudstenesta mellom Vaksdal og Dale kyrkjelydar vert i år i Vaksdal kyrkje. Det vert forsongarkor denne gongen òg. Alle som er glad i å syngje, og ynskjer å vere med og løfte høgtida fram er velkomne til å delta.

**Øving 1.påskedag  
kl. 09.45  
i Vaksdal kyrkje**

## ORGEL- RESITASJON

Kantor Olav Arne Steinkopf held orgelresitasjon i Vaksdal kyrkje langfredag i førekant av gudstenesta. Her får me mellom anna høyre Cesar Franck sin store h-moll koral. Dette er den andre av dei tre store orgelkoralane til Franck. Me kan glede oss til vakker musikk frå romantikken.

**Langfredag kl. 16.30  
i Vaksdal kyrkje**

## Takk

*Gunvor Bjørsvik og Eli Kringlebotten takkar for kr. 1.390 som kom inn til bibelarbeid i Indonesia under Kvinnebønndagen 3. mars.*

## Hjelp i smerta

"Lukk meg i dine smerter inn" heiter ei fastebok som Luther Forlag har gjeve ut. Harald Kaasa Hammer har skriva boka ut frå tema som har oppteke han sterkt både som lagssekretær i Noregs Kristeleg Student- og Skoleungdomslag, som FN-prest i Libanon og no som kapellan i Den norske kyrkja.


Boka har nokre tankar for kvar dag frå torsdag før fastelavns-søndag og til onsdag etter påske.

-Kva vil du med denne boka?

-Eg ynskjer å dela tankar og trøyst med dei som kjenner på smerte. Eg trur det ligg løyn-domar i det å knyta smertene våre inn til Jesu smerter.

Forfattaren kan også treffast på internettadressa:

<http://home.sol.no/~haraldkh/fastebok/>



Harald Kaasa Hammer vil gjerne gje hjelp med boka om faste.

KPK-foto: Anne Charlotte Schjøll

## Årsstatistikk for Vaksdal prestegjeld

Gudstenester*	140
Frammøtte	9043
Familiegudstenester	25
Frammøtte	2594
Døypte	45
Konfirantar	59
Giftarmål	7
Gravferder	61
Utmelde	1
Kyrkjeoffer	Kr. 202.151
Offer eiga verks.	Kr. 31.530
Fasteinnsamling Dale og Vaksdal	Kr. 42.701

Gjennomsnitt frammøtte på samla tal gudstenester er 65. Gjennomsnitt frammøtte på Familiegudstenester er 103.

\*I talet på gudstenester er også rekna med nattverdsgudstenester på Daletunet og Vaksdal sjukeheim.



Både born og vaksne fann vegen til gudstenestene i kyrkje våre også i 1999.

Arkiv-foto: Ragnvald Kringlebotten

ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED

SNEKKER  
KJELL NYSTED

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Trelast og byggevarer

 DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 67 36-Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no



DALE HANDELSFORENING  
avd. Dale 56 59 61 01  
Avd. Stamnes 56 59 82 03  
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

PETERSEN & YPSØY AS  
Bokhandel – Gåver – Foto  
Kiosk – Tipping – Rikstoto.  
Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell – Data  
Leiker – Hobby – Fotorammer,  
i andre høgda på Dale Handelsforening.  
Tlf. 56 59 79 80.



K. Seim A/S,  
Boks 114,  
5721 Dalekvam  
tlf. 56 59 62 23  
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.  
Her kan du handle det du treng.



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.  
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



SAMVIRKELAGET  
INDRE VESTLAND  
Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 61



PÅ  
EGNE  
BEN



Nytt fordelsprogram for deg over 16 år!

SpareBank 1 Vest

**SLEKTERS GANG****VIGDE****DALE**

26.02 Jarle Johannesen Boge og  
Aurora Vinluan Lectana

**AVLIDNE****DALE**

16.02 Berta Hauge, f.1896

**VAKSDAL**

27.01 Kari Bernes, f.1908

28.01 Anna Hvidsten, f.1913

04.02 Kristi Furubotn, f.1908

17.02 Reidar Boge, f.1927

**VELKOMEN  
TIL KYRKJE****2.april – 4.søndag i faste**

DALE kl.18. Samtalegudsteneste for konfirmantane i Dale, Vaksdal, Stamnes og Bergsdalen. Kvamsøe og Dyrhol.

**9.april – 5.søndag i faste**

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

STAMNES kl.18. Dyrhol.

Nattverd. Offer til Redd Barna.

**16.april – Palmesøndag**

DALE kl.11. Kvamsøe. BERGSDALEN/BERGSØYANE kl.12.30 Sportsandakt. Kvamsøe. NESHEIM kl.11.

Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**20.april – Skjærtorsdag**

STAMNES kl.17. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

DALE kl.19. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Bibelskolen på Bildøy.

NESHEIM KL.20.00 Nattverd-gudsteneste v/Kolbjørn Gunnarson.

**21.april – Langfredag**

VAKSDAL kl.16.30

Orgelresitasjon v/Steinkopf.

VAKSDAL kl.17.00 Pasjonsgudsteneste. Dyrhol.

EKSINGEDALEN kl.20. Pasjonsgudsteneste. Dyrhol.

**23.april – 1.påskedag**

VAKSDAL kl.11.

Høgtidsgudsteneste. Dyrhol og

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon. NESHEIM kl.11.

Høgtidsgudsteneste. Kolbjørn Gunnarson. Nattverd. Offer til KFUK/KFUM Bjørgvin krets. BERGSDALEN kl.20.

Høgtidsguds-teneste. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**24.april – 2.påskedag**

STAMNES kl.11.

Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer til Orgelfondet, Eidsland kapell.

**30.april – 1.søndag etter påske**

EIDSLAND kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

**1.mai – offentlig høgtidsdag**

VAKSDAL kl.9.30 Kvamsøe

DALE kl.11. Kvamsøe. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

**7.mai – 2.søndag etter påske**

DALE kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Sjelesorgsenteret Bergen Diakonisse-hjem. VAKSDAL kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Dyrhol. Offer til Kyrkje-lydsarbeidet.

**14.mai – 3.søndag etter påske**

STAMNES kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Dyrhol. Offer til kyrkje-lyden sitt ungdomsarbeid.

**17.mai – Grunnlovsdagen**

VAKSDAL kl.9.30

DALE kl.

EIDSLAND kl.12.

STAMNES kl.12.30

**21.mai – 4.søndag etter påske**

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

NESHEIM kl.16. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kirkens SOS.